# Høyringsuttale (KF-239)

Referansenummer: HBCPYJ

Registrert dato: 14.01.2018 17:38:46

## Innleiing

Uttalen blir gjeven

◉ Personleg

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Maria Magdalena

Etternamn

Marøy

Adresse

Rossnesvegen 151

| Postnummer | Poststad |
| --- | --- |
| 5937 | BØVÅGEN |

Telefon

E-post

## Uttale

Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen

◉ Nei

Namnet på høyringssaka

○ Områdeplan Haukeland Søndre

◉ Kommunedelplan for Bø

Uttale

◉ Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under

○ Eg har min fulle uttale i eigne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg

Uttale til saka

Innspel til 1.gongs høyring, Kommunedelplan Bø, 24/285 og 128

- Tomtene 24/285 og 128 er frådelte som bustadeigedommar og grunneigar har planar for bebygging for desse.
- I kommuneplanens arealdel ligg tomtene som framtidig bustad, og dei ligg ikkje i strid med forbudsgrense mot sjø.
- I fastsetjing av funksjonell strandsone, som er utarbeidd av Asplan Viak, er derimot strandsona flytta vesentlig inn for desse tomtene. I tillegg er føremål endra for store delar av eigedommane, slik at desse framstår no som umoglege å bebygge.
- Vi kan ikkje sjå at det ligg noko konkret vurdering for kvifor funksjonell strandsone er trekt så langt inn for dette området, og vi ber om ei begrunning for dette valet. Det står vedr. fastsetjing av strandsone at denne kan utvidast der strandsona inngår i større samanheng, slik som samanhengande landskapsform, eller der opne kulturlandskap, bygningsmiljø og landskapsrom omfattar eit heilskapleg område frå sjø til ei klar grense mot veg, skog og terreng. Vi kan ikkje sjå korleis dette kan forsvarast for 24/285 og 128.
- Vidare står det at linje for funksjonell strandsone byggjer på data med varierande detaljeringsgrad og er rettleiande. Dvs. at

kommunen fint kan definere byggegrense og føremål utanfor funksjonell strandsone frå rapporten.
- Vi krev at føremål vert endra tilbake til bustad for heile eigedommane i tråd med kommuneplanens arealdel, og tilsvarande for byggegrense mot sjø/funksjonell strandsone.